



Pressemelding 14. juli

## **Hugs smittevernråda i sommarferien**

### **– Kos deg i sommar, men ikkje ta ferie frå smittevernråda.**

— Dette seier kommuneoverlege og smittevernoverlege i Alver kommune, Terese Folgerø.

Smittetrykket er framleis lågt i Norge, men ferietid og reising kan føre til at smitten blussar opp. Kommuneoverlegen ber difor alle om å vere forsiktige.

– Råda er dei same i sommarferien. Om alle følgjer reglane for avstand og handhygiene reduserer vi risikoen for utbrot. Det er også viktig at sjuke folk held seg heime og held avstand til andre i same husstand, seier Folgerø.

### **Sjekk kva som gjeld**

..... Skal du på ferie? Sett deg inn i reglane til kommunen eller landet du reiser til.

– Testkriteriene er like i heile Noreg, men det varierer kven som har ansvaret for testing i dei ulike kommunane. I Alver har vi eit eige koronasenter med eige telefonnummer. I andre kommunar er det legevakten som testar, fortel Folgerø.

Kommuneoverlegen oppmodar folk på farten om å finne ut kva som gjeld i kommunen dei er i.

– Dette finn du informasjon om på nettsidene til dei ulike kommunane, seier Folgerø.

### **Testar mange kvar veke**

Koronasenteret til Alver har testa 1150 personar sidan opninga i mars.

– Trykket på koronasenteret er framleis stort. Mange tar kontakt fordi dei har symptom på nyoppstått luftvegsinfeksjon og treng ein test. Dei siste fem vekene har vi testa om lag 100 personar kvar veke, fortel Folgerø.

Alver har ikkje hatt påviste tilfelle av korona sidan slutten av april.



– Eg blir ikkje overraska om dette snur i eller etter ferien, men eg håpar sjølvsagt at vi styrar unna større smitteutbrot, seier Folgerø.

### **Sommarope på koronasenteret**

For tida er det slik at alle med nyoppståtte symptom på luftvegsinfeksjon skal testast.

– Er du heime og møter kriteria for testing? Ta kontakt med koronasenteret. Senteret har bemanning alle kvardagar i heile sommar, seier Folgerø.